

Krigsminne betre synleg, men treng måling

09.04.2012



Meir synleg enn før....

Uskedalen har ikkje så mange historiske minne, men eitt av dei er den franskproduserte revolverkanona som i mange år har hatt ein strategisk plassering ved Sandakaien.

Men kanona har fått ein stadig tettare innramming av bjørk og det er positivt at det no er skjedd ein opprydding rundt ho. No er ho meir synleg, men ho treng eit strøk med måling.

Nye generasjonar veks opp og litt repetisjon kan vera på sin plass:



men treng eit strøk måling

Våpenet kom i bruk på mindre krigsfarty rundt 1880 og var det første maskinskytset i marinens vår. Kanona (37 millimeter) har 5 løp og er ei av fleire som vart tekne på land og montert på lastebilar då det røyna på i 1940. Denne kanona kom på Arne M. Myklebust sin bil. Ei noko større kanon vart etter kampane frakta til Skardet ved Odda og står der framleis.

Denne kanona vart demontert av Myklebust som grov ho ned på stranda i krigsåra. Etterpå vart ho sandblåst og sett opp som eit krigsminne sjølv om ho manglar sluttstykket.

Eigar er Staten eller i praksis Marinemuseet i Horten. Kommunen har inngått avtale om at krigsminnet er deponert og kan stå her. Kravet er at nokon tek ansvaret for formidling og tilsyn.

Uskedalen Utvikling ved Tor H. Myklebust. Birger Myklebust og Kristian Bringedal og andre gode hjelparar fekk plasert ho der ho står no.

Av Ola Matti Mathisen